

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre  
**Møtestad:** Marianne Bakeri og Kafe, Aurland  
**Dato:** 27.02.2018  
**Tidspunkt:** 10:00 – 13:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post [fmsfano@fylkesmannen.no](mailto:fmsfano@fylkesmannen.no). Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/18	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 3/18	Referatsaker		
RS 1/18	Nærøyfjorden verneområdestyre - kommentar til lokale retningslinjer for motorferdsel i Vik kommune		2018/663
RS 2/18	Nærøyfjorden verneområdestyre - innspel til planprogram for revisjon av kommuneplanen sin arealdel i Vik kommune		2018/111
RS 3/18	Referat frå medlemsmøte i Jordalen Grendalag 21.11.17		2013/3025
RS 4/18	Invitasjon til dialogmøte om Stokko og fjordturismen		2017/2807
RS 5/18	Merkevarestrategi og verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap		2013/3025
ST 4/18	Delegerte saker		
DS 1/18	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til motorisert transport på snøføre til Vassete		2017/372
DS 2/18	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til motorferdsel på Hjølmo i samband med vedlikehald av stølshus		2017/212
DS 3/18	Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til motorferdsel i samband med tilsyn av inngjerda salteplassar		2017/1936
ST 5/18	Nærøyfjorden landskapsvernområde - retting av tiltaket reiskapshus/WC på Fristølen		2016/3005
ST 6/18	Nærøyfjorden landskapsvernområde - ombygging av eldhus/vedhus på Øvste Stigen		2015/3832
ST 7/18	Nærøyfjorden landskapsvernområde - plassering av utstyrskasse på Flenjane og transport i samband med tiltaket		2017/4291
ST 8/18	Nærøyfjorden landskapsvernområde - vegutbetring med sprengsteinsmasser på fv.241 Bakkavegen		2018/540
ST 9/18	Nærøyfjorden verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidlar 2018		2017/3854

Andre saker Møteplan for 2018

Status og framdrift på besøksstrategien vert presentert på møtet.

**ST 1/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 2/18 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**

**ST 3/18 Referatsaker**

**RS 1/18 Nærøyfjorden verneområdestyre - kommentar til lokale retningslinjer for motorferdsel i Vik kommune**

**RS 2/18 Nærøyfjorden verneområdestyre - innspel til planprogram for revisjon av kommuneplanen sin arealdel i Vik kommune**

**RS 3/18 Referat frå medlemsmøte i Jordalen Grendalag 21.11.17**

**RS 4/18 Invitasjon til dialogmøte om Stokko og fjordturismen**

**RS 5/18 Merkevarerstrategi og verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap**

**ST 4/18 Delegerte saker**

**DS 1/18 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til motorisert transport på snøføre til Vassete**

**DS 2/18 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til motorferdsel på Hjølmo i samband med vedlikehald av stølshus**

**DS 3/18 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til motorferdsel i samband med tilsyn av inngjerda salteplassar**



Arkivsaksnr: 2016/3005-0  
Saksbehandler: Anbjørg Nornes  
Dato: 24.01.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	5/18	27.02.2018

## Nærøyfjorden landskapsvernområde - retting av tiltaket reiskapshus/WC på Fristølen

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre pålegg tiltakshavar å fjerna reiskapshus/WC frå Fristølen innan 1. juli 2018. Vedtaket er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 69 fyrste ledd. Retting av tiltaket inneber fylgjande:

- Alt materiale frå bygget skal fjernast frå området.
- Arealet der bygget stod skal i størst mogleg grad tilbakeførast til den tilstand det var før bygget vart sett opp.
- Det skal sendast rapport til verneområdestyret straks rettinga er gjennomført, og innan 01.08.18. I rapporten skal det det leggjast med bilde som dokumenterer at arbeidet er utført. Det kan verta aktuelt med etterkontroll.
- Dersom fristen for retting ikkje vert overhalde, vil verneområdestyret vurdere tvangsmulkt jf. naturmangfaldlova § 73 fyrste ledd.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Førehandsvarsel – retting av tiltaket reiskapshus/WC på Fristølen, 08.12.2017
- Svar på førehandsvarsel frå tiltakshavar Bjarne Klette, 02.01.2018

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008

I samband med arbeidet med ombygging av stølshuset på Fristølen, har tiltakshavar Bjarne Klette sett opp reiskapshus/WC på Fristølen. Nærøyfjorden verneområdestyre har gjeve løyve til ombygging av stølshuset, men det er ikkje søkt om å få sette opp reiskapshus/WC. Bygget er sett opp utan dispensasjon frå verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde Forvaltar og SNO var på synfaring i området 28. juni 2017, og oppdaga at dette bygget var sett opp. Tiltakshavar vart gjort oppmerksom på at oppføring av nye bygg, også midlertidige bygg, er søknadspliktig etter verneforskrifta for Nærøyfjorden



landscapsvernopråde. Nærøfjorden verneområdestyre kan gje pålegg om retting av ulovlege forhold i verneområdet med heimel i naturmangfaldlova kapittel IX § 69 (retting og avbøtande tiltak). Forvaltninga kan pålegge den ansvarlege å retta eller stansa forhold som er i strid med lova eller vedtak med heimel i lova.

Nærøfjorden verneområdestyre vart orientert om saka på styremøte i september 2017, og i styremøte 30.11.2017 sak 40/17. Det vart sendt førehandsvareselet om retting 08.12.2017, med frist til å koma med uttale til varselet innan 8. januar 2018. I førehandsvareselet var det sett frist for å fjerna reiskapshus/WC til 01.06.2016. Klette kom med uttale til førehandsvareselet 02.01.2018. Han forklarar at bakgrunnen for at reiskapshuset/WC vart sett opp, var at dei hadde bruk for lagerplass til reiskap under byggearbeidet på stølshuset. Han har heile tida hatt planar om å ta ned att bygget når byggearbeidet på stølshuset var avslutta. Då det er vanskeleg å sei korleis våren vert, og kva tid han kan koma i gang att med arbeidet på stølshuset, ber Klette om frist til 1. juli i år med å ta ned att bygget.

## **Lovgrunnlaget**

### Verneforskrifta

Føremålet i Nærøfjorden landskapsvernopråde er definert i verneforskrifta § 2: *«Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernopråde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter»*. Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode, og det kan ikkje førast opp nye bygningar jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1 a). Forvaltningsstyresmakta kan vurdera dispensasjon til oppføring av nye bygg i samband med landbruk, turlagsverksemd eller oppsyn jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b). Er det søknad om andre bygg, må det vurderast om det er heimel i naturmangfaldlova § 48 for å gje dispensasjon til tiltaket.

### Naturmangfaldlova (nml.)kapittel IX. Håndheving og sanskjonar

Myndigheten eller loven kan pålegge den ansvarlige å rette eller stanse forhold som er i strid med loven eller vedtak med hjemmel i loven, jf. nml. § 69 fyrste ledd. Bygging utan løyve er brot på verneforskrifta jf. rettleiaren frå Miljødirektoratet for *Oppfølging av ulovlige forhold i verneområdet – M-617/2016*. *«For å sikre at bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven blir gjennomført, kan myndigheten etter loven fatte vedtak om tvangsmulkt»*, jf. nml. § 73 fyrste ledd.

Nærøfjorden verneområdestyre har fått delegert mynde frå Miljødirektoratet til å pålegge retting og stans av ulovlege tiltak, og fatte vedtak om tvangsmulkt.

### Naturmangfaldlova §§ 8-12

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## **Vurdering**

Oppføringa av nye bygg i Nærøfjorden landskapsvernoprådet er ikkje tillate jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1 a). I verneforskrifta vert det ikkje skilt på midlertidig og varige



bygg. I følge verneforskrifta kan det gjevast løyve til nybygg i samband med landbruk, oppsyn eller turlagsverksemd. Eigedomen til Klette er skilt ut frå ein av landbrukseigedomane på Stigen. Reiskapshus/WC på ein eigedom som vert nytta til fritidsføremål er ikkje innanfor nokon av føremåla for nybygg som det kan gjevast løyve til. Verneområdestyret kan vurdera dispensasjon frå verneforskrifta jf. nml § 48 i særskilte høve. I dette tilfellet vart det ikkje søkt om løyve til tiltaket før det var gjennomført, og verneområdestyret har difor ikkje vurdert heimelsgrunnlaget for å sette opp bygget. Det er ikkje tradisjon for å sette opp reiskapshus på stølane. Dispensasjon til dette tiltaket vil ha presedensverknad for tilsvarande saker, og vil truleg vera i strid med verneføremålet som blant anna er å ta vare på kulturlandskap der «...stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Den samla belastninga (jf. nml. § 10) med eventuelle nye bygningar i kulturlandskapet vil på sikt kunne ha vesentleg verknad på verneverdiane.

Nærøfjorden verneområdestyre har behandla søknad om istandsetting og ombygging av stølshuset til Bjarne Klette på Fristølen. Kunnskapen om området (jf. nml. § 8) er vurdert som god for å vurdera denne saka. Kunnskapen er henta frå kartleggingar i samband med skjøtelsplanarbeidet i området, forvaltningsplanarbeidet og Restaureringsplan for Vestnorsk Fjordlandskap – delområde Nærøfjorden. I tillegg er det bra kunnskap om saka gjennom behandling av tidelegare saker på Fristølen, og synfaring i samband med ombygging av stølshuset. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er ikkje vektlagd då kunnskapen er vurdert som god i denne saka. Nml. §§ 11-12 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova, meiner forvaltar at tiltaket med reiskapshus/WC er eit ulovleg tiltak i verneområdet. Verneområdestyret er ansvarleg for forvaltning av verneområdet, og må vurdera reaksjonar på ulovlege tiltak. Etter naturmangfaldlova § 69, kan verneområdestyret pålegge den ansvarlege å rette forhold som er i strid med loven. I rettleiaren for *Oppfølging av ulovlige forhold i verneområdet*, vert det oppmoda om at forvaltninga reagerer på ulovlege tiltak av allmennpreventive omsyn. Det må i tillegg vurderast om ulovlege fysiske inngrep som bygningar, skal meldast til politiet. I dette tilfellet er bygget sett opp som eit midlertidig bygg, og tiltakshavar hadde planar om å rive bygget etter arbeidet med stølshuset var avslutta. Tiltaket vil gje avgrensa skade på naturmangfaldet, og inngrepet er ikkje av varig karakter. Verneområdestyret har så langt ikkje vurdert å melde tiltaket. Forvaltar vurderer tiltaket som mindre alvorleg enn om det var eit varig tiltak. Oppføring av bygg utan løyve frå verneområdestyret er eit klart brot på verneforskrifta. Av allmennpreventive omsyn bør det vera ein reaksjon på brot på verneforskrifta. Manglande oppfylgning av brot på verneforskrifta kan føra til at respekten for vernereglane vert svekka.

## **Konklusjon**

På bakgrunn av vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova, rår forvaltar til at tiltakshavar får pålegg om å rive reiskapshus/WC på Fristølen innan 01.07.2018. Fristen for riving er tilrådd utvida frå 01.06 til 01.07.2018 på grunn av at det er vanskeleg å sei kva tid arbeidet med retting av tiltaket kan koma i gang på vår/sommar i stølsområdet.



Arkivsaksnr: 2015/3832-0  
Saksbehandler: Anbjørg Nornes  
Dato: 18.01.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	6/18	27.02.2018

## Nærøyfjorden landskapsvernområde - ombygging av eldhus/vedhus på Øvste Stigen

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre godkjenner at planane for restaurering av eldhuset/vedhuset på Øvste Stigen vert endra frå restaurering til ombygging. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3. c). Endringsløyve er gjeve med fylgjande vilkår:

- Bygget er sett opp som eit bygg med lik takvinkel på heile bygget.
- Det kan setjast inn vindaug i bygget. Vindauga skal ha same storleik og utforming som dei vindauga som var i bygget frå før. Det vil sei ca. 90 cm lengde og 40 cm høgde og med enkel gjennomgåande sprosse. Det kan setjast inn tre vindaug i veggen på nedsida av bygget, eit vindaug i kvar av kortveggane, og to vindaug i veggen på oppsida av bygget.
- Før byggearbeidet kan avsluttast, skal verneområdeforvaltar gjennomføra sluttsynfaring saman med tiltakshavar.

Dette løyvet er berre handsama etter verneforskrifta. Det må i tillegg søkjast Aurland kommune om løyve til fasadeendring og eventuell bruksendring.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Irene og Ottar Stegen om å sette inn vindaug i eldhuset på Øvste Stegen, 11.11.2017
- Rapport for restaurering av bakke-/grunnmur, eldus og vedahus på Øvste Stegen, 11.11.2017. Rapport frå Irene og Ottar Stegen
- Vedtak i Nærøyfjorden verneområdestyre sak 26/15, 30.11.2015, Restaurering av eldhus/vedhus på Øvste Stigen
- Søknad frå Irene og Ottar Stegen om restaurering av eldhus/vedhus på Øvste Stigen, 30.11.2016

Søknaden vert vurdert etter:



- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008

Nærøyfjorden verneområdestyre behandla søknad om restaurering av eldhus/vedhus på Øvste Stigen i sak 26/15, 30.11.2015. Det vart gjort fylgjande vedtak:

*«Nærøyfjorden verneområdestyre gjev løyve til å ta ned eldhus/vedhus på Øvste Stigen i samband med restaurering av bygningane. Restaureringsarbeidet skal gjerast etter antikvariske prinsipp og i samsvar med føringar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Bygningane skal setjast opp att på grunnmurane etter murane er restaurert. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 c).*

*Det skal sendast rapport frå arbeidet når bygget er kome på plass att, og innan utgangen av 2017. Det skal sendast melding til sekretariatet dersom det vert endringar i planane for restaurering og gjennomføring».*

Rapporten av 11.11.2017 viser endringar på bygget ut frå opphavleg bygning. Bygget som er sett opp att på muren er oppført som eit bygg, og ikkje som to bygningar slik det var tidlegare. Deler av grunnmuren under bygget var i dårleg stand, og dei måtte difor ta ned bygget for å bygge opp att muren. Muren er bygd opp att lik den gamle muren, og er eit flott kulturminne på Stigen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune løyvde tilskot frå kulturmidlar til verdsarvområdet i Nærøyfjordområdet til restaureringsarbeidet. Dei har gjeve tilbakemelding til tiltakshavar at restaurering av eldhuset ikkje er gjennomført i tråd med tildelinga, og trekker difor deler av tilskotet tilbake. Fylkeskommunen kommenter at eldhuset slik det framstår etter istandsetting, skil seg vesentleg frå det opphavlege eldhuset. I tillegg er det bygd opp med ein moderne reisverkkonstruksjon der materiale og dimensjonar er etter dagens standard.



*Eldhus/vedhus. Foto frå søknad*





*Eldhsu/vedhus frå nedsida. Foto frå rapport*



*Ferdig uthus. Foto frå rapport*

Saman med rapporten vert det søkt om å få sette inn fleire og større vindauge enn det som var i bygget tidlegare. Det vert søkt om 5 vindauge med ein storleik på 90x90 cm med 4 småruter. Vindauga er planlagt med same utforming som i hovudhuset. Dei søkjer om å få sette inn eit av desse vindauga i kvar kortvegg, og 3 vindauga på nedsida. I tillegg vert det søkt om å få sette inn 1 vindauge med storleik 90x40 cm med 2 småruter på oppsida. Dette er omlag same storleik og utforming som vindauga som var i eldhuset frå før. I søknaden vert det opplyst at dei ynskjer å innreia vedhuset/eldhuset til eit lokale der dei kan ta i mot gjester, ha servering, og formidle kultur og tradisjon på garden.

Det var to omnar i bygget med to røykpiper gjennom veggen på nedsida. Dei vil sette inn att omn og to røykpiper slik det var i bygget frå før.



*Skisse av nye vindauge i uthuset. Foto frå søknad*

## Lovgrunnlaget

Nærøyfjorden landskapsvernområde er «*verna mot alle inngrep eller tiltak som kan verke inn på landskapets art eller karakter*» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Vanleg vedlikehald av bygningar kan gjennomførast utan særskilt løyve, men arbeidet skal gjennomførast etter tradisjonell byggeskikk på staden. Det er forbod mot riving av bygningar jf. § 3 punkt 1.1. a). Når bygningen vert tatt ned for å restaurerast, må saka vurderast etter reglane i verneforskrifta som seier at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*Påbygging, ombygging, flytting, eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vere tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk*» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c).

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Stigen er eit av områda i landskapsvernområdet som vert trekt fram i forvaltningsplan som har særskild verdi som kulturmiljø og opplevingsverdi. I Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden (*Nærøyfjorden verdsarvpark 2014*), er bygningane på Øvste Stigen høgt prioritert. Det er av stor verdi å ta vare på dette bygningsmiljøet, og at eldhuset/vedhuset har preg som eit uthusbygg. Det er ikkje i strid med verneforskrifta om bygget vert nytta til andre føremål, men det utvendige preget bør takast vare på. Aurland kommune må vurderast om det må søkjast om bruksendring dersom bygget skal byggast om innvendig og brukast som serverings- og formidlingslokale.

Løyve til restaurering av eldhus/vedhus (uthus) på Øvste Stigen vart vurdert etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12 i sak 26/15 i Nærøyfjorden verneområdestyre.



Forvaltar legg desse vurderingane til grunn i behandlinga av saka for å godkjenne endringar i byggearbeidet og nye vindauge i bygget.

I søknadsprosessen for istandsetting av uthuset på Øvste Stigen vart planane for arbeidet drøfta med nærings- og kulturavdelinga hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Etter innspel frå fylkeskommunen, tilpassa tiltakshavar byggeplanane til å verta ei istandsetting av bygget. Nærøfjorden verneområdestyre godkjente planane for restaurering av uthuset i sak 26/15. Det vart sett vilkår om at *Restaureringsarbeidet skal gjerast etter antikvariske prinsipp og i samsvar med føringar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune*. Murane er sett i stand i tråd med løyvet, og sikrar at uthuset står på god grunnmur. Dette arbeidet er utført på ein god måte. Kledningen som kunne nyttast opp att er tatt vare på og er nytta som utvendig kledning.

I verneforskrifta står det at byggearbeid skal vera tilpassa tradisjonell byggeskikk. I dette byggearbeidet er det nytta moderne reisverkkonstruksjon med materiale og dimensjonar etter dagens standard, og bygget er sett opp som ein bygning i staden for to eller tre samansette bygningar slik det opphavlege var. Forvaltar meiner endringane som er utført har ført til vesentlege endringar på det opphavlege bygget. Ved at det er nytta byggekonstruksjonar for nye bygg etter byggt teknisk standard, har det gjeve bygget ei anna utforming, sjølv om utvendig kledning vert nytta opp att. Saka kan gje uheldig presedens for andre restaureringsprosjekt. I prinsippet burde ikkje saka godkjennast då byggearbeidet er endra frå restaurering til ombygging. For seinare saker vil det vera svært viktig at det kjem tydeleg fram i vedtaket kva som meinast med tradisjonell byggeskikk for staden, og fleire detaljar på type materiale og dimensjonar i vilkåra. I vilkåra i løyvet frå verneområdestyret er det dessverre manglande presiseringar, og det er vanskeleg å krevje retting av tiltaket. I tillegg kan kostnadane med retting verta urimeleg store. Forvaltar rår difor til at løyvet vert endra frå å vera eit løyve til restaureringsarbeid, til løyve til ombygging av uthuset.

Vindauga som vert sett inn skal ha same utforming og storleik som dei som var i bygget frå før. Forvaltar rår til at det kan setjast inn fleire vindauge for å gje meir lys inn i bygget. Det er viktig at bygget framleis har preg av å vera eit uthus på garden.

I det gamle bygget var det to stålpiper gjennom veggane på nedsida i den søraustlege delen av bygget. Dei planlegg å sette inn att stålpipene slik dei var i det gamle bygget. Dette vil ikkje gje endringar på bygget, og er difor vurdert til ikkje å vera søknadspliktig etter verneforskrifta.

Bygningane er ein vesentleg del av kulturlandskapet. Dei kulturhistoriske verdiane kan gå tapt dersom det vert store endringar på bygga i landskapet. På bakgrunn av erfaringane i denne saka, bør verneområdestyret ta opp til vurdering kva arbeidsmetodar som kan nyttast ved istandsetting av bygningar i verneområda. Ved bruk av gravemaskin og nyare byggemetodar, viser det seg at arbeidet ofte vert meir omfattande og gjerne utvida i forhold til det som var den tradisjonelle byggemetoden på staden. Vilkår i løyve bør vera meir spesifikke, og forklara kva som ligg i tradisjonell byggeskikk på staden. I tillegg bør byggearbeid ha tettare oppfølging og kontroll.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	7/18	27.02.2018

## Nærøyfjorden landskapsvernområde - plassering av utstyrskasse på Flenjane og transport i samband med tiltaket

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Morten Nesbø løyve til å plassera ei kassa med overnattingsutstyr ved stølen Flenjane. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Kassa med overnattingsutstyr skal plasserast under ein berghammar i nærleiken av stølen. Kassa skal plasserast slik at den ikkje medføre terrenginngrep, og den skal vera minst mogleg synleg.
- Kassa kan ha ein storleik på inntil 60 x 60 cm<sup>2</sup> og 50 cm høgde.
- Tiltakshavar er ansvarleg for å fjerna kassa frå området når den ikkje lenger er i bruk.
- Kassa kan transporterast til stølen Flenjane med snøskuter i perioden 01.03. – 30.04.2018. På turen kan det vera med ein fylgjeskuter av tryggleikssyn.
- Transporten skal samordnast med Nils Hjellum sitt transport-løyve med snøskuter til Fessene og Flenjahornet (ref. 2016/779). Transporten gjeld ein tur/retur Fyre v/Stalheim – Flenjahornet– Flenjane. Transporten skal ikkje føregå på søndagar, helgedagar og i påskeveka frå og med palmelaurdag til og med 2. påskedag av omsyn til friluftslivet.
- Dersom det er naudsynt med transport av utstyr til kassa i 2019, skal denne transporten samordnast med transport-løyvet for snøskuter til Fessene og Flenjahornet (ref. 2016/779) i perioden 20.02 – 30.04.19.
- Transporten skal meldast til SNO v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720) seinast dagen før køyringa startar. Han kan gje informasjon om det må takast spesielle omsyn til villrein eller andre naturverdiar i området.
- Dette løyvet skal vera med under transporten.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet for verneområdestyret innan 01.06.2018. I rapporten skal det vera med tidspunkt for gjennomført transport, kart med innteikna plassering av kassa og bilde av kassa plassert i terrenget.
- Nærøyfjorden verneområdestyre kan krevje at kassa vert fjerna av tiltakshavar dersom den fører til skade på verneverdiane, eller bruken fører til auka motorisert ferdsel til området.



Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta. Det må i tillegg innhentast naudsynt løyve til snøskutertransport frå aktuelle grunneigarar og Aurland kommune.

## Saksopplysningar


Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Morten Nesbø om plassering av liten kasse med overnattingsutstyr på Flenjane, datert 12.12.2017

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap Nærøfjorden, rapport nr. 1-2008

Morten Nesbø er grunneigar på gnr. 8 bnr. 6 i Aurland kommune. Han har stølsrett på Flenjane i Nærøfjorden landskapsvernområde. Det er ikkje bygningar på denne stølen i dag, berre murar etter stølshusa. Nesbø vil nytta området til hjortejakt, og søker i den samanheng om å få plassera ei utstyrskasse under ein berghammar på Flenjabøen. Kassa er 60 x 60 cm<sup>2</sup> og 50 cm høg. Han vil transportera kassa til Flenjane samtidig som Nils Hjellum har transport til Flenjahornet. I søknaden vert det opplyst at kassa vert frakta ned kvart år i lag med hjorteviltet. Hjorteviltvaldet har fleirårig løyve til uttransport av felt vilt med helikopter frå Flenjane.



**Stølen Flenjane merkt med raud pil. Utklypp frå fylkesatlas**



## **Lovgrunnlaget**

*«Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter»* jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til *«Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn»* jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b). Utstyrs-kassa kan ikkje vurderast etter desse reglane. Forvaltninga kan i særskilte høve vurderer om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ som seier at *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig»*.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

## **Vurdering**

Kulturlandskap med stølsområde og kulturminne er eit av verneføremåla i Nærøfjorden landskapsvernområde. Det kan drivast tradisjonelt landbruk og jakt og fiske i området. Ferdsel og tilrettelegging for ferdsel skal ikkje føra til skade på verneverdiane eller vera i strid med verneføremålet. Verneforskrifta regulerer kva inngrep som kan tillatast i verneområde. Flenjane vert ikkje nytta i samband med landbruk pr. i dag, og det er ingen bygningar på stølen. Området vert nytta i samband med friluftsliv og jakt. Det er lang og vanskeleg tilkomst til dette områda, og forvaltar vurderer difor det er trong for å ha tilgang til overnatting i området. Tiltaket med å plassera ei kasse på Flenjane vil ikkje føra til terrenginngrep, og den vil i liten grad påverka landskapet sin art og karakter. Forvaltar meiner det er grunnlag for å vurderer saka med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd.

Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplan og tidlegare erfaring med transport i området. Det er ikkje kjente registreringar av trua artar og naturtypar i området (Naturbase 26.01.2018) med unntak av villrein. Siste åra er det registrert villrein i heile området. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurderer denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt. Det er viktig at det vert teke omsyn til villreinen under snøskutertransporten slik at den ikkje vert uroa. Ut frå kunnskapen me har om området, vurderer forvaltar at tiltaket ikkje vil gje nemneverdig skade på verneverdiane.

Området på og rundt Flengjaeggi er lite tilgjengeleg, då det bratt og lang tilkomst til området. Det bør vera ein streng praksis for å sette ut utstyrs-kasser rundt i området. Det må vurderast kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Flenjane er stølen til gardsbruk i Aurland. I dag vert ikkje dette området nytta i landbrukssamanheng, men det er eit viktig område for utøving av jakt på både elg og hjort. Tiltakshavar opplyser at han har planar om å starte med sau på garden, og planlegg å ta dette området i bruk som beiteområde. Forvaltninga har ikkje gjeve løyve til utplassering av utstyrs-kasser i verneområdet utanom på telt-plassar langs fjorden. Ved Flenjahornet står det ei enkel bu som vert nytta til utstyr for overnatting i samband med jakt. Det må vera ein streng praksis for å



plassera utstyrs-kasser i terrenget, og må berre gjevast løyve til i særskilte høve. Dette tilfellet er vurdert som særskilt ved at det er lang og vanskeleg tilkomst til området. Tiltaket er eit bagatellmessig inngrep i landskapet, og det er eit reversibelt tiltak. Forvaltar vurderer den samla belastninga av tiltaket som akseptabelt.

Kassa er planlagt plassert under ein berghammar på selbøen på Flenjane. Det er ikkje trong for terrenginngrep for å plassera kassa. Forvaltar vurderer tiltaket til å vera godt tilpassa miljøet jf. nml § 12. For å unngå unødig transport av kassa inn i området kvart år, bør kassa stå i området til den ikkje lenger vert brukt i samband med jakt, eller til den eventuelt er skada og må fraktast ut av området. Kassa skal transporterast med snøskuter til området samtidig som det er anna transport av proviant i nærområdet. Transporten vil ikkje føra til auka transport inn i området med unntak av turen frå Flenjahornet til Flenjane. Ved å avgrensa transporten til ein transport av kassa inn i området, meiner forvaltar tiltaket ikkje vil gje stor belastning på naturmiljøet. Eventuell transport for oppdragering og utskifting av overnattingsutstyr vil føregå i samband med eksisterande snøskuter-løyve i området, og vil ikkje føra til auka motorisert ferdsel inn i området. Det er ikkje venta at tiltaket fører til skade på naturverdiane, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar det kan gjevast løyve til å plassera ei utstyrs-kassa på Flenjane med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste avsnitt.



Arkivsaksnr: 2018/540-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 02.02.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	8/18	27.02.2018

## Nærøyfjorden landskapsvernområde – vegutbetring med sprengsteinsmasser på fv.241 Bakkavegen

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statens vegvesen løyve til å nytte sprengsteinsmassar frå Bakkatunellen til utbetring og rassikring av fv.241 Bakkavegen. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 e).

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Sprengsteinsmassane frå Bakkatunellen skal nyttast i fylling til omlagt veg. Rasmassar frå området i Russeviki skal leggest på toppen av sprengsteinsmassane og skjula desse.
- Utbetringa av vegen og rassikringa skal fylgje godkjent plan frå 2009. Dersom det er mangel på massar for å slutføra planen, skal arbeidet avsluttast ved at ny veglinje og fylling ikkje vert lagt like langt ut i terrenget som planen viser.
- Vegetasjonsbeltet på minimum 10 meter breidde langs fjorden skal stikkast ut i terrenget, og ikkje verta påverka av anleggsarbeidet. Nedste kanten av fyllinga skal ha ei ujamn linje og fylgje terrenget.
- Ny vegbane skal ha same standard som eksisterande veg, dvs. 3 meter vegbreidde.
- Etter anleggsarbeidet er avslutta skal området vera tilstelt og rydda.
- Arbeidet skal vera avslutta innan 30.11.2018. Verneområdeforvaltar skal vera med på sluttsynfaring når tiltakshavar har sluttgodkjenning på arbeidet. Verneområdestyret kan, etter samråd med tiltakshavar, gje nye pålegg til gjennomføring av planen dersom det under synfaring viser seg naudsynt av omsyn til landskapskvalitetane.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Statens vegvesen om bruk av sprengsteinsmasser i fylling for vegbygging fv.241 Bakkavegen, datert 01.02.2018
- Nærøyfjorden landskapsvernområde – løyve til vegutbetring med massedeponi på fv. 241 Gudvangen – Bakka, vedtak 15.10.2009 av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (ref. 2009/758)

Søknaden vert vurdert etter:







## Nærøyfjorden verneområdestyre

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008


Deler av fv.241 Bakkavegen går gjennom Nærøyfjorden landskapsvernområde. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav Statens vegvesen løyve til å utbetra parti av vegen gjennom Russeviki i 2009. I løyvet var det sett vilkår om at det berre kunne nyttast rasmassar frå området langs fv.241 Bakkavegen til utbetringa. Vegen skulle leggjast om etappevis. Til no er rasmassane lagt opp langs vegen, og vegen er ikkje lagt om etappevis. Statens Vegvesen har sendt ein søknad om å få nytte sprengsteinsmassar til fylling i vegen. Det skal sprengast ut eit teknisk rom i Bakkatunnelen, og det er desse steinmassane vegvesenet ynskjer å nytte i eksisterande planar for Bakkavegen. Steinmassane inneheld ikkje biologiske materiale eller anna forureining. I opphavlege planar var det sett opp at det var bruk for om lag 10 000 m<sup>3</sup> rasmassar. Rasmassane som er lagra langs Bakkavegen er målt til ca. 4 000 m<sup>3</sup>, og steinmassane frå tunellen vil utgjera om lag 2 000 m<sup>3</sup>. Slik det ser ut no, meiner vegvesenet at det ikkje vil vera nok massar til å fullføra planane. Dei vil difor utbetra vegen så langt dei kjem, og kople seg på eksisterande veg slik det fell seg naturleg i planområde nærmast Bakka. Ny veglinje og fylling vil truleg ikkje kome like langt ut i terrenget som planen frå 2009 viser. Med desse tiltaka meiner vegvesenet at vegen i Russeviki vert mindre utsett for ras.



**Bakkavegen og Russeviki. Utklipp frå Fylkesatlas**



Figur 1 viser utført fylling merket blått. Det røde er planlagt fylling.



Figur 2 viser plan for utbedring av veg.

## Planskisse frå søknad

### Lovgrunnlaget

Nærøyfjorden landskapsvernområde er «*verna mot alle inngrep eller tiltak som kan verke inn på landskapets art eller karakter*» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.1. Dette gjeld t.d. «*...bygging av vegar, ...masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse...*» (jf. § 3 punkt 1.1. a)). Verneområdestyret kan gje løyve til «*Utbetring og rassikring av vegen mellom Gudvangen og Bakka...*» jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 e).

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

### Vurdering

Fv.241 Bakkavegen er ein veg som er utsett for mange ras. Etter tunellen på Bakkavegen vart bygd er rasfaren redusert. Russeviki er ein av plassane der det framleis er ras som stenger vegen. Ved å heva vegen noko og laga djup grøft på innsida av vegen, vil det hindre mange av snø- og sørpe-skreda å koma ut i vegen, og med det mindre stengingar av vegen om vinteren. I verneforskrifta er rassikring av vegen til Bakka eit tiltak verneområdeforvaltninga kan gje løyve til. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn at det er heimel i verneforskrifta til å gje løyve til tiltaket med vegutbetring og rassikring.



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav løyve til vegutbetring i Russeviki i 2009. Denne saka gjeld same planen, men med bruk av steinmassar frå tunellen til fylling i vegen. I vurderinga av saka frå 2009 har Fylkesmannen lagt vekt på at vegutbetringa var naudsynt for å trygge ferdsla på Bakka-vegen, og at grendalaget på Bakka var positive til tiltaket. Det er vidare påpeika at tiltaket vil løysa fleire viktige problem utan å koma i konflikt med landskapsvernet i området.

Den trua og freda mnemosynesommarfuglen er registrert på fleire lokalitetar i nærleiken av Russeviki (Naturbase 07.02.2018). Sommarfuglen er knytt til sørvendte og opne rasmarker. Tiltaka i Russeviki vil i stor grad vera avgrensa til vegen og fyllinga nær vegen, og vil truleg ha avgrensa effekt på førekomsten av denne arten. Det er ikkje andre kjente registreringar av trua artar eller naturtypar i tiltaksområdet. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert som godt for å vurdera denne saka, jf. nml § 8. Føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Landskapet i Nærøfjordområdet er prega av aktive geologiske prosessar med rasmarker og rasvifter. Naturlege skred og dei livsmiljø som dei skapar er viktige for landskap og artar, og er eit av føremåla med vern av Nærøfjorden landskapsvernområdet. Dette er i tillegg ein av dei viktigaste kriteria for innskriving på UNESCO si verdsarvliste for naturområde. For eksisterande vegar er omsynet til tryggleiken vektlagt i vernereglane. Det er god tilgang på urørte naturlege skredløp i området, og tiltak på eksisterande vegar vil i mindre grad auka den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10.

Forvaltar var på synfaring på Bakkavegen 30. januar 2018 saman med Statens vegvesen. Det er laga oppsamlingskum for rasmassane frå Storaskredgroi, og rasmassane er lagra langs vegen. Arbeidet med utbetring av vegen er ikkje starta opp i samsvar med planen. Sprengsteinsmassane frå tunellen vil gje meir fyllmasse til vegen, slik at arbeidet kan fullførast. Ved å legge rasmassane på toppen av sprengsteinsmassane, vil desse verta skjult, og naturleg vegetasjon frå rasmassane vil gje stadeigen vegetasjon langs vegen. Forvaltar vurderer planane som bra tilpassa miljøet, jf. nml. § 12. Deponimassane i Russeviki vert nytta i vegen og Russeviki som deponiplass vert avslutta. Området må ryddast og fyllingane tilpassast landskapet rundt før arbeidet kan ferdigstillast. Tiltaket vil lite truleg føre til skade på naturmangfaldet, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

På bakgrunn av vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12, og verneforskrifta for Nærøfjorden landskapsvernområde, rår forvaltar til at det sprengsteinsmassane frå Bakkatunellen kan nyttast i fyllinga til fv.241 Bakkavegen i Russeviki.



Arkivsaksnr: 2017/3854-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 30.01.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	9/18	27.02.2018

## Nærøyfjorden verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidler 2018

### Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre fordeler tiltaksmidler etter prioritert rekkefølge i tiltaksplanen for 2018.

Tiltak basert på tildelte tiltaksmidler	Samarbeidsaktørar	Kostnad	Prioritet
Styvi - Holmo. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplan	Grunneigar	275 000	1
Stigen. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplan	Grunneigarar	100 000	2
Skjøtsel kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplanar, Hjølmo, Skogane, Nåli, Stokko, Fronnes	Grunneigarar, SNO	70 000	3
Skjøtsel og vedlikehald av stiar i Undredal, Dyrdal, Bakka, Fresvik	Grunneigarar, grendalag	80 000	4
Planlegging av informasjonstiltak i og i tilknytning til verneområda	Grunneigarar, SNO, verdsarvparken	60 000	5
Istandsetting av bålplassar langs fjorden	Grunneigarar, SNO	20 000	6
Restaurering av postvegen Bleiklindi-Styvi	SNO, tenestekjøp	65 000	7
Tiltak på sti Hjølmo -Vassete	SNO, tenestekjøp	70 000	8
Planlegging og utføring av tiltak på sti Slettedalen - Bakkanosi	SNO, tenestekjøp	20 000	9
Vedlikehald på stien Dyrdal – Skogane – Salthella – Dyrdal	SNO, verdsarvparken	30 000	10
Sum		790 000	

Forvaltar kan i samråd med styreleiar fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak innan for budsjettramma.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:



## Nærøyfjorden verneområdestyre

- Midlar til forvaltning av verneområde 2018. Tildelingsbrev frå Miljødirektoratet.
- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008

Miljødirektoratet tildeler midlar til drift av verneområdestyret og tiltaksmidar til planlagde tiltak i 2018. Miljødirektoratet har sendt ein samla oversikt over tildelte midlar i 2018. Oversikten viser fylgjande tildeling til Nærøyfjorden verneområdestyre:

Drift av styret: kr. 200 000

Besøksstrategi/forvaltningsplan m.m.: kr. 200 000

Tiltaksmidar: kr. 790 000

Verneområdestyre skal utarbeida fleirårige tiltaksplanar. Det overordna målet for forvaltning av verneområde er at verneformålet og verneverdiane skal ivaretakast. Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde legg føringar for bruk av tiltaksmidar; «*Gjennomføring av konkrete, praktiske tiltak i verneområdene er en del av forvaltningen av verneområdene og skal sammen med praktisering av verneforskriften og annet arbeid bidra til å oppnå disse målsettingene*». Verneområda skal forvaltast på ein måte som byggjer opp under verneformåla slik at verneverdiane ikkje vert reduserte eller vert øydelagde. Økosystema skal takast vare på for framtidige opplevingar og for verdiskaping i utmarkskommunane.

Styret søkte Miljødirektoratet om kr. 870 000 i tiltaksmidar. Nærøyfjorden verneområdestyre la fram fylgjande tiltaksplan for 2018 i sak 41/17, 30.11.2017:

Tiltak basert på tildelte tiltaksmidar	Samarbeidsaktørar	Kostnad	Prioritet
Styvi - Holmo. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplan	Grunneigar	285 000	1
Stigen. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplan	Grunneigarar	102 000	2
Skjøtsel kulturlandskap i samsvar med skjøtelsplanar, Hjølmo, Skogane, Nåli, Stokko, Fronnes	Grunneigarar, SNO	78 000	3
Skjøtsel og vedlikehald av stiar i Undredal, Dyrdal, Bakka, Fresvik	Grunneigarar, grendalag	95 000	4
Planlegging av informasjonstiltak i og i tilknytning til verneområda	Grunneigarar, SNO, verdsarvparken	60 000	5
Istandsetting av bålplassar langs fjorden	Grunneigarar, SNO	20 000	6
Restaurering av postvegen Bleiklindi-Styvi	SNO, tenestekjøp	80 000	7
Tiltak på sti Hjølmo -Vassete	SNO, tenestekjøp	70 000	8
Planlegging og utføring av tiltak på sti Slettedalen - Bakkanosi	SNO, tenestekjøp	50 000	9
Vedlikehald på stien Dyrdal – Skogane – Salthella – Dyrdal	SNO, verdsarvparken	30 000	10
Sum		870 000	

## Vurdering

Forvaltar rår til at tiltaksmidlane vert fordelt på tiltak i tråd med prioritert rekkefylgje av tiltaka i sak 41/17 i Nærøyfjorden verneområdestyre. Det er tildelt kr. 790 000 i tiltaksmidar. Dette er kr. 80 000 mindre enn om søkt. Forvaltar rår til at tiltaka vert gjennomført i samsvar med



prioriteringa, men at det vert reduserte midlar til nokon av tiltaka. Det kan reduserast noko til skjøtsel av kulturlandskap, vedlikehald av postvegen kan gjennomførast over to år, og planlegging av tiltak i Slettedalen kan forenklast eller samfinansierast med andre. Miljødirektoratet har sett vilkår om at plakatar med informasjon i verneområdet skal kvalitetssjekkast i Miljødirektoratet før dei kan setjast i produksjon.

Det må skrivast avtale med grunneigarar om skjøtsel i landskapsvernområde i tråd med godkjente skjøtelsplanar. Forvaltar gjer avtale med grunneigarar om kva arbeid som skal utførast, og SNO fylgjer opp skjøtelsarbeidet i felt.

Det må hentast inn tilbod på arbeid med utbetring av stiar. Arbeidet kjem difor ikkje i gang før i juni/juli.

På bakgrunn av erfaring med tiltak tidlegare år, vert det i løpet av året endringar på kva tiltak som vert gjennomført og kostnadane med tiltaka. Forvaltar rår til at forvaltar i samråd med styreleiar kan fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak og innan for budsjettamma.

Arbeidet med besøksstrategi kjem i tillegg til oppfølging av skjøtelsavtalar og generell saksbehandling i verneområda. Revidering av forvaltningsplan bør setjast i gang, men på grunn av lite med personressursar i forvaltningsknutepunktet, og liten tilgang på planleggingsmidlar frå Miljødirektoratet, rår forvaltar til at kr. 200 000 i tildelte midlar vert prioritert til arbeidet med besøksstrategi.